

Plan og byggesak  
Are Frøysland Grande  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4448 - 21/35035

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:  
26.05.2021

## **Søknad om dispensasjon i frå byggje- og deleforbod i strandsona og LNF-føremålet i kommunedelplana - gbnr 135/1 Solholmen - uttale kultur**

Viser til førespurnad om uttale til søknad om dispensasjon frå byggje- og deleforbod i strandsona og LNF-føremålet i kommuneplanen på gbnr 135/1 Solholmen. Søknaden gjeld flytebrygge, treplatting og gapahuk/open bod.

Solholmen ligg sentralt i Den indre farleia som har omsynssone H570 i Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstaumen. Bakgrunnen for denne omsynssona er rapporten Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse som gav Den indre farleia som eitt av ni område i fylket denne statusen. Ein viktig årsak til at området vart peika ut var dei mange kulturminna som låg kring leia med stor tidsdypne og høg opplevingsverdi. I føresegnene til kommunedelplanen står det at «*kvalitetane i omsynssona for Den indre farleia skal sikrast gjennom ei restriktiv haldning til større inngrep i form av faste eller flytbare bygningar, konstruksjonar og anlegg, og til andre større inngrep i landskapet.*»

Solholmen er i dette perspektivet eit viktig og svært eksponert kulturmiljø sentralt i Den indre farleia. Holmen vart kjøpt av Anthony Mickael Gjessing i 1898 og som sette opp fleire bygg i perioden fram til 1910. Hovudbygget brann i 1948, men hundehuset, naustet, bua og lysthuset vart ikkje skadde, og står framleis. Hovudbygget vart attreist i 1949-50 i gammal stil. (Kjelde: <https://www.solholmen.com/presentasjon/gamle-dager/>)

Når det gjeld dei omsøkte tiltaka er det vår vurdering at treplattingen framfor og kring naustet og sjøhuset ikkje ivaretar omsynet til kulturminneverdiane i tråd med føresegnene i omsynssona. Tiltaket endrar bygga sin karakter og er svært synleg frå farleia. Sjøhus låg normalt heilt i sjøkanten slik at ein kunne lasta og lossa direkte frå båtar frå sjøen. Nausta låg vanlegvis litt inn på land, like over flomålet, med ei båtstø framom slik at ein kunne dra båten ut og inn av naustet. Flyfoto eldre enn 2015 og eldre bilete viser at langsida på sjøhusa har lagt heilt i sjøkanten på nordsida og at det var ein mindre steinplatting/fylling mellom bygga. Framfor naustet (sørsida av holmen), der det no er bygd treplatting, var det tidlegare ein skrå bakke der ein kunne trekka opp båten. Den store treplattingen rundt desse bygga reduserer slik bygga sin historieforteljande verdi.

Me har forståing for at treplattingen rundt bygga kan gjera vedlikehald av sjøbuene enklare, men det finst andre løysingar for dette som er langt mindre omfattande og som ivartar kulturminneverdiane i større grad.

Me har ingen merknader til dei andre omsøkte tiltaka.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Plan og bygesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG